

Praktisering av reglar på Stranda ungdomsskule

2025/2026

«Gjør mot andre det du vil at andre skal gjøre mot deg.» (Livssynshumanismen), eller «Alt dere vil at andre skal gjøre mot dere, skal også dere gjøre mot dem.» (Kristendommen), eller «Sår ikke andre, for du ønsker ikke selv å bli såret.» (Buddhismen)

Dette blir kalla **den gyldne regel** og vi finn han att i alle dei store religionane i verda. Ved å ha respekt for andre menneske sine kjensler, det livet dei lever og dei åndelege og materielle verdiane som er viktige for dei, kan vi samtidig ha respekt for oss sjølve.

Respekt for lover og reglar

Alle kan ikkje ha sin eigen måte å gjere ting på, då blir alt kaos. For at vi skal kunne fungere saman, er det laga til reglar for ulike ting. Det kan vere korleis vi skal ha det i klassa, med å rekke opp handa, ikkje gjere narr av kvarandre, bruke datamaskina til berre det læraren gir deg lov til, osb. Det kan vere kven som får nytte hallen i matfriminuttet. Det kan vere kvifor vi ikkje skal bruke mobiltelefon på skulen. Og det kan vere at alle må ha innesko.

Alle desse reglane er laga til for at alle skal få hjelp til å hugse kva den einskilde må gjere for å ta omsyn til dei andre, eller vise respekt for dei andre.

Ordens- og åtferdsreglementet i Stranda kommune

Det er god **orden** når eleven:

- Møter presis til skulen og til timen
- Viser god arbeidsinnsats
- Har med nødvendig utstyr
- Tar vare på bøker og utstyr
- Gjer pålagt arbeid til rett tid
- Hjelper til med å halde skulen rein og ryddig

Det er god **åtferd** når eleven:

- Er hyggeleg og høfleg overfor medelevar og vaksne
- Er rolege i timane og ikkje forstyrrar undervisninga
- Viser respekt for skulens og andre sin eigedom
- Rettar seg etter beskjedar frå vaksne
- Respekterer reglane som gjeld for mobil og internettbruk og for fotografering og publisering av bilete
- Ikkje bannar eller brukar grov språkbruk
- Ikkje plagar andre, trugar, mobbar eller viser annan form for krenkjande åtferd (verken fysisk, psykisk eller ved hjelp av digitale medium)
- Ikkje røykjer, snuser eller brukar rusmiddel
- Ikkje tar med farlege eller ulovlege (t.d tobakk, rusmidlar, energidrikk, brus) gjenstandar til skulen
- Ikkje fuskar eller gjer forsøk på å fuske
- Ikkje forlet skuleområdet utan løyve

Gode reglar å halde seg til på Stranda ungdomsskule

- Du, slik som alle andre, har ansvar for å halde orden i klasserommet, i fellesarealet og i garderoben.
 - Bruk garderobeskapa! Yttertøy, sko, gymbag og andre ting du ikkje treng i timane, skal ligge inne i garderobeskapet.
 - Hyllene på klasserommet skal vere ryddige.
 - Vinduskarmane skal vere fri for bøker, papir og anna rot.
 - Chromebook skal stå i hyllene i kvart friminutt, og når læraren gir beskjed om det i timane.
 - Du skal ete maten din på klasserommet, eller i kantina på vgs.
 - Vi skal sortere avfallet.
 - Restavfall for seg.
 - Plast for seg.
 - Papir i eiga eske.
 - Ordenselev går ned att med mjølk som er til overs.
 - Lærebøkene skal ha bokpapir / perm.
 - Bruk stolane til å sitje på, og berre ein person om gongen.
- Alle skal ha innesko.
- Alle må rette seg etter dei beskjedar lærarane gir. Det er lærarane som tek avgjerder på kva som er lov og ikkje lov.
 - Alle reiser seg og helsar på kvarandre når lærarane kjem inn i klasserommet om morgonen. Det same gjer vi når ein ny lærar kjem inn i klasserommet.
 - Mobiltelefonen skal leverast til mobilhotell ved starten av skuledagen, avslått eller utan lyd og vibrering. Smartklokker skal stå på “stille modus” og ikkje kommunisere med mobiltelefon. Berre læraren kan gi løyve til å bruke mobiltelefonen. Mobiltelefon leverast ut når skuledagen er over.
 - Det er berre læraren som kan gi lov til å høyre på musikk i timane, og musikk skal i tilfelle lyttast til via chromebook. AirPods skal ikkje brukast, berre headsett som er kobla til med kabel.
 - Det skal vere arbeidsro i timane. Det er læraren som bestemmer kva det er.
 - Om du vil ha hjelp av ein lærar i timen, rekk opp handa og vent på tur.
 - Det er lærarane som bestemmer når timen er slutt.
- Alle gjer sitt beste til at vi har det bra i lag.
 - Ingen skubbing og slåsting.
 - Ikkje banne eller kome med ekle meldingar til andre.
 - Alle må kome til timane i rett tid.
- Friminutt
 - Niande- og tiandeklassingane skal ikkje besøke åttandeklassingane. Åttandeklassingane kan besøke niande og tiande trinn. Niande og tiande kan besøke kvarandre.
 - Dersom du er i skateparken, pumtrackbana eller sykklar til skulen eller i skuletida, må du bruke hjelm.
 - Ballspel skal skje nedanfor skulen.
 - Chromebook skal ikkje nyttast i friminutta.